



Kommunar uten serviceskyss

## Serviceskyss - 2014

Det er oppretta serviceskyss i 14 kommunar i fylket. Dette har vist seg å vera ei kjærkoma ordning for mange reisande. Fleire kommunar har teke kontakt med fylkeskommunen med ynskje om å få delta i ordninga.

Det vart sendt ut brev til alle kommunar den 24.6.2013 med spørsmål om medfinansiering. Det kom inn svar frå 4 kommunar. Svara frå kommunane var at dei ikkje kan gå inn med eigenandel då dette vert for stor kostnad for kommunen. Utan kommunal medverknad vert det vanskeleg å opprette nye skyssar i alle av dei resterande kommunane.

Vidareføring av serviceskyssen vart handsama i budsjettet for 2014.

Fylkestinget gjorde i møte 10.12.13 slikt vedtak i sak 55/13:

«Serviceskyss

I 2013 har 14 kommunar tilbod om serviceskyss, der kvar kommune har utarbeidd tilbod til beste for sin kommune. Det er ynskje om å utvide tilbodet for fleire kommunar.

Det er sett av 3,5 mill. kr til Serviceskyss i 2014. Tilbodet vert vidareført om lag på same nivå som i 2013.»

Fylkestinget innvilga kr 500 000 ekstra for 2014, og det kan opprettast skyss i 2 – 3 nye kommunar.

Kommunar som er interessert i å søkje om serviceskyss må sende inn søknad som må innehalde desse kriteria:

**Formål med ruta:**

t.d. kafe, diverse aktivitetar, frisør, bank, lege/tannlege med meir.

**Beskriving: av ruta:**

Rutetrasear

Rutetider

Bilmateriell (t.d. 5 eller 12 seters bil)

Det er høve til å foreslå fleire ruter. Desse må då vere prioriterte.

Det er viktig med eit tilbod som flest mogeleg kan ha nytte av. I mange kommunar er det fleire grender med ein nærbutikk, og då er det viktig å ikkje gløyma nærbutikken og køyra passasjerane til eit større senter, då er det lett å slå grunnlaget for nærbutikken bort.

Det vert understreka at serviceskyss er ein transport som er open for alle og skal vera tilrettelagd for alle. Drosjenæringa vert utfordra til å koma med prisoverslag på rutene og tal kilometer for kvar rute. Dette for å få ei mest mogeleg lik handtering av alle transportane.

Kommunane bør invitere med brukarorganisasjonane, pensjonistlag, grendelag og/eller andre lag som er aktive i kommunane, lokale eldreråd, kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne og drosjenæringa.



Serviceskyss er ein transport som er open for alle og skal vera tilrettelagd for alle. Drosjenæringa vert utfordra til å koma med prisoverslag på rutene og tal kilometer for kvar rute. Dette for å få ei mest mogeleg lik handtering av alle transportane.

Med helsing

Velaug Veum  
fyklesdirektør

Oddveig Hove  
førstekonsulent

Kopi til:  
Frivillegsentralane i Sogn og Fjordane v/Magne Vivelid  
Eldrerådet i Sogn og Fjordane